

Kom lat oss finne ein skatt!

Plan for utvikling av bibliotektilbodet for barn og unge i Hordaland 1998 - 2001

Hordaland fylkeskommune 1997
ISBN 82 - 91679 - 03 - 7



INNLEIING

Bakgrunn.

Plan for utvikling av bibliotektilbod for barn og unge i Hordaland er laga som eitt av fleire oppfølgingstiltak til Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 1994 - 1997.

Planen knyter seg i særleg grad til tiltak nr. 10 - Opplæringsprogram for etterutdanning, tiltak nr.15 Inkludere temaet skulebibliotek i leiaropplæringsprogram for skulen og tiltak nr.28 - Initiere større litteraturformidlingsprosjekt med spesiell vekt på barn og ungdom.

I høyringsnotatet til bibliotekplanen vart det etterlyst ei sterkare vektlegging av kulturformidlingsaspektet. Det har vore eit ønskje å styrkja denne delen i planarbeidet og samstundes sjå til at viktige sider som samarbeid, kompetanse og kvalitetssikring vert vektlagt.

Reformarbeidet i skuleverket med nye styringsdokument viser politisk vilje til nytenking for å møte samfunnsendringar. Ny lovgiving om opplæring, NOU 1995:18, har fleire framlegg om endringar for skulebiblioteka. Her ligg det store utfordringar for skulesektoren og for folkebiblioteksektoren om å møte krava til gode bibliotektenester for barn og unge gjennom heile utdanningsløpet, og med tanke på einskapsskulen og heilskapssynet på undervisning og oppvekstvilkår. Planarbeidet har vore ein måte å ta eit ansvar for å sikra ei vidare positiv utvikling av bibliotektenestene til barn og unge i fylket. Planen er eit prosjekt finansiert med midlar frå Statens Bibliotektilsyn, Statens Utdanningskontor og Hordaland fylkesbibliotek.

Aktuelle dokument.

Fylkesdelplan for bibliotek i Hordaland 1994 - 1997 med statusrapportar for tiltaka har vore viktige grunnlagsdokument saman med:

St.meld.nr. 40 (1992-93) Vi smaa, en alen lange;

[St.meld.nr. 29](#) (1994-95) Om prinsipper og retningslinjer for 10-årig grunnskole - ny læreplan

[NOU 1995:18](#) Ny lovgivning om opplæring "... og forøvrig kan man gjøre som man vil"

[Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr.108](#)

Broen og den blå hesten; handlingsplan for styrking av dei estetiske faga og kulturdimensjonen i grunnskolen. KD, KUF 1995.

Organisering av arbeidet.

Planen er eit resultat av ein arbeidsprosess som har involvert representantar frå folke- og skulebibliotek, kommunal administrasjon, kursregionane, politikarar, Statens Utdanningskontor, Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkesbibliotek .

Planen har hatt ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har hatt fire møte, kvar på ein dag. Styringsgruppa har hatt møte i samband med møte i arbeidsgruppa.

Arbeidet med planen vart offisielt starta med arbeidskonferansen: "På tide å sale den blå hesten? Bibliotektenester til barn og unge som verkemiddel til å realisere dei nye skolereformene." 21.5.96.

Resultatet frå konferansen var med på å gje viktige innspel for det vidare arbeidet med planen, samstundes som det har vore eit mål å sjå på det totale bibliotektilbodet til barn og unge i Hordaland.

Når planen no ligg føre, vil den verta send ut til ei avgrensa høyring. Det endelege resultatet vil vonleg kunna brukast som ein arbeidsreiskap til utvikling av bibliotektilbodet, både på kort og lang sikt.

STATUS

For å gje eit bilete av kva for tilbod barn og unge har når det gjeld bibliotektenester, har vi sett på statistikken for 1996. Storleiken på bokbestand, utlån og driftsutgifter gjev signal om korleis barn og unge vert prioritert innanfor dei ulike kommunale institusjonane.

Arbeidsgruppa har gjennom si samla erfaring sett på positive og negative trekk ved tilhøva slik dei er i dag.

Statistikk:

Folkebibliotek:

Statistikken syner at barn ikkje har ein så stor del av bokbestanden som utlånet skulle tilseie. Bokbestanden for barn i Hordaland ligg litt over gjennomsnittet for landet. 26,8% på landsbasis, medan han er på 30,5% her.

Barn låner meir enn vaksne, 40,2% på landsbasis og 40,5% i Hordaland. Når tabellen for %-vis framstilling av talet på barn i Hordaland syner eit gjennomsnitt på 19,5% (variasjonen ligg mellom Bømlo 23,1% som høgaste og Ullensvang som den lågaste med 16,5%), er dette eit uttrykk for at aktiviteten er høg. Tala seier lite om kvaliteten på tenestene til barn, denne sida har ikkje vore undersøkt i særleg grad. Det er heller få bibliotek som gjennomfører brukarundersøkingar jamleg.

Tabellen som gjev eit oversyn over andelen av folkebiblioteket sine driftsutgifter sett i samanheng med kommunen sine utgifter, syner at kommunane løyver heller lite til drifta av folkebiblioteka.

Det er alltid mogeleg å gjera ting betre, det syner tabellen som framstiller tilhøvet mellom bestand og utlån av bøker i skulebibliotek og barnebøker i folkebibliotek. Her er det biblioteka med "høg" bestand og etter måten få utlån som må gå i seg sjølve og sjå om tilbodet kan gjerast meir tilgjengeleg og attraktivt for barn og unge.

Skulebibliotek:

For skulebiblioteka gjeld den same tendensen som for folkebiblioteka når det gjeld landsgjennomsnitt berre i omvend rekkefylgje. Mediebestanden ligg under landsgjennomsnittet med 14 bøker pr. elev i Hordaland og i landet elles 16,3 bøker pr. elev. Utlånet ligg noko over på 10,9 bøker pr. elev i Hordaland og 9,3 bøker pr. elev på landsbasis.

I skulebiblioteka er det klåre skilnader mellom kommunane og skulane når det gjeld bestand og utlån med tanke på tilbodet som elevane får. På einiske skular er det ikkje sett av tid til utlån, slik det kjem fram i den årlege statistikken, medan andre skular i liten grad kjøper inn bøker til skulebiblioteket og svært lite bøker vert kasserte kvart år. Dette kan tyde på at boksamlingane har mykje gamal og uaktuell litteratur i hyllene.

Kommunar som har satsa på skulebibliotekutvikling kan vise til gode resultat i statistikken når det gjeld utlån. Desse har og personale med bibliotekfagleg utdanning knytt til bibliotekdrifta. Når vi ser på oversynet over kor mange timar pr. veke det er sett av til arbeid i skulebiblioteket, ser vi at 54% ikkje har bibliotekfagleg bakgrunn, medan 46% har anten bibliotekarutdanning eller er lærar med bibliotekfag.

Dette gjev nok ein viss skilnad i tilbodet om rettleiing for elevane og tilrettelegging av bibliotektilbodet i det heile.

Til saman gjev dette et bilete av skulebibliotek med svært ulike tilhøve både når det gjeld bokstamme og personale til å leggja til rette for bruk av denne.

Folkebiblioteka			
Barn/ vaksne			
:			
	%	%	%
	Innbyggjar-	Bestand	Utlån
	tal	bøker	bøker
Bergen	18,6	32,1	31,4
Ullensvang	16,5	26,0	31,5
Etne	19,8	27,2	34,7
Fitjar	21,6	31,5	36,1
Austrheim	18,3	30,1	38,9
Ulvik	18,6	24,4	39,0
Odda	16,6	35,8	39,6
Stord	22,6	24,3	39,6
Os	21,2	28,2	43,9
Kvam	19,4	18,0	44,1
Ølen	20,7	29,4	45,7
Bømlo	23,1	33,7	45,8
Meland	22,5	30,6	46,0
Vaksdal	17,4	22,8	46,3
Fjell	23,3	40,1	49,9
Kvinnherad	20,0	34,9	50,8
Fedje	17,3	42,6	51,6
Askøy	19,9	29,9	52,1
Granvin	20,2	27,2	52,3
Voss	18,0	27,2	52,6

Lindås	19,9	34,1	53,4
Austevoll	22,8	36,8	55,4
Eidfjord	20,3	39,3	56,7
Sveio	21,8	28,1	57,0
Jondal	17,4	21,5	57,6
Sund	21,8	42,4	57,9
Osterøy	21,4	33,0	60,0
Radøy	19,1	33,5	60,0
Modalen	21,9	33,7	61,2
Tysnes	18,7	21,6	61,8
Fusa	18,6	15,6	62,1
Samnanger	18,2	42,1	63,2
Masfjorden	20,3	28,6	64,0
Øygarden	22,6	25,3	70,3
Heile fylket	19,5	30,5	40,5

1996		Totale driftsutgifter til folkebibliotek			
				I % av utg.	% av alle
		Dr. utg.	Dr. utg.	til "kyrkjer	tot.
		I alt	pr. innb	og kultur"	dr. utg.
Sunn- hordland	Etne	568 262	143	16,0	0,6
	Ølen	419 658	129	12,1	0,6
	Sveio	679 974	148	13,1	0,7
	Bømlo	2 247 418	217	20,9	1,1
	Stord	2 905 036	185	12,5	0,9
	Fitjar	706 000	241	28,3	1,0
	Tysnes	235 400	84	8,1	0,3
	Kvinnherad	2 684 909	205	14,2	0,8
Indre Hardanger	Odda	2 753 244	345	14,8	1,2
	Ullensvang	1 243 856	332	24,5	1,3
	Eidfjord	229 703	213	7,0	0,3
Ytre Hardanger	Jondal	274 195	229	9,7	0,7
	Kvam	1 318 991	153	12,8	0,6
	Fusa	716 008	198	17,6	0,8
	Samnanger	256 309	109	13,0	0,5

Voss og omland	Ulvik	447 578	351	13,4	0,8
	Granvin	291 474	274	23,7	0,8
	Voss	3 562 000	258	16,0	1,1
	Vaksdal	1 177 174	273	17,3	0,9
	Modalen	260 555	760	18,8	1,0
Bergen og omland	Bergen	35 391 934	159	10,9	0,7
	Os	2 045 790	154	19,3	0,8
	Askøy	1 934 305	103	10,2	0,5
	Fjell	1 862 794	111	15,4	0,6
	Austevoll	859 285	200	21,4	0,8
	Sund	533 195	104	14,2	0,5
	Øygarden	392 134	112	7,1	0,4
Nord-hordland	Osterøy	1 303 674	186	22,7	0,9
	Meland	888 968	179	24,0	0,8
	Radøy	660 812	145	15,0	0,6
	Lindås	2 037 582	165	20,3	0,8
	Austrheim	644 890	249	24,9	0,9
	Fedje	304 608	442	22,9	1,3
	Masfjorden	465 913	255	19,2	0,7
Hordaland		72 303 628	170	12,9	0,7

Tabellen viser kommunane sine driftsutgifter til folkebibliotek i 1996, kva det tilsvarar pr. innb., og kor stor andel det er av kommunen sine samla utgifter til kap. 5.1, "Kyrkjer og kultur" og av kommunen sine samla driftsutgifter.

Krysset inne i figuren er fylkesgjennomsnittet. Kommunane kan dermed grupperast etter korleis dei ligg an i høve til fylkesgjennomsnittet når det gjeld bibliotektilbodet (bestand) og bruk av biblioteket (utlån).

Linja som går på skrå i figuren (trendlinja) viser den gjennomsnittlege samanhengen mellom bestand og utlån, for desse kommunane i 1996. I dei kommunane som er plassert på eller nær trendlinja er tilhøvet mellom bestand og utlån omlag som forventa, dei kommunane som ligg langt over eller under trendlinja er meir "spesielle".

Naturleg nok har utlånet ein tendens til å auke med aukande bestand (utlån og bestand i høve til talet på barn 0-13 år i kommunen). Det er ikkje store avvik frå hovudtendensen mellom kommunane. M.a. Stord, Sveio og Fedje har etter måten få utlån pr. barn, og i Granvin, Masfjorden, Voss Radøy og Lindås er det etter måten mange utlån pr. barn. Eidfjord og Granvin har omlag det same tilbodet av bøker for barn, men Granvin har nesten dobbelt så mykje utlån som Eidfjord.

Merk elles at Os, Fjell og Stord ligg samla i eit hjørne av figuren på same måte som i figur 64 i fylkesstatistikken.

Kjelder: Fylkesbiblioteket i Hordaland, Fylkesstatistikk Hordaland 1997, Statistisk Sentralbyrå.

TILTAK - SAMLA OVERSYN

Nr.	Tiltak/prosjekt	Ansvarleg Hordaland fylkesbibliotek i samarbeid med:	Kostnad/ finansiering i 1000 kr.	Gjennomføring			
				1998	1999	2000	2001
1	Spørjeundersøking som kartlegg ressursar og behov for auka ressursar	Statens utdanningskontor		X			
2	Motivera for å etablera nettverksgrupper mellom sektorar og forvaltningsnivå	Statens utdanningskontor		X	X	X	X
3	Prøva ut ordning med felles kommunal/ interkommunal barnebibliotekar	Kommunane	250	X	X		
4	Laga utviklingsprosjekt for t.d. felles katalogar, samordna samlingsoppbygging og fagspesialisering for folkebibliotek og bibliotek i grunn- og vidaregåande skular	Kommunar, Statens utdanningskontor, fylkesopplæringsdirektøren	1999: 100 2000: 500 2001: 500	X	X	X	
5	Prøva ut ordningar/samarbeidsavtalar mellom folkebibliotek og vidaregåande skular, og andre relevante utdanningsinstitusjonar.	Kommunar, fylkesopplæringsdirektøren		X	X	X	
6	Informasjon/marknadsføringskampanje retta mot politikarar og kommunal leing.	Kommunar, fylkeskommunen NBF avd. Hordaland		X	X	X	X
7	Kartleggja utdannings-behovet hjå tilsette i folke- og skulebibliotek.	Statens utdanningskontor		X	X	X	X
8	Utvikla gjennomgåande plan for opplæring i bibliotekkunnskap for barn/elevar i barnehage, grunnskule, vidare-gåande opplæring og lærarutdanning.	Statens utdanningskontor, Høgskolen i Bergen, fylkeskommunen, Statens bibliotektilsyn	1999: kr. 125 2000: kr. 125	X	X		
9	Skipa til eit modul- basert utdanningstilbod tilpassa bibliotekfagleg og pedagogisk personale.	Høgskolen i Oslo, Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen		X	X	X	
10	Synleggjera bruk av bibliotek knytt opp mot arbeidsmetodar som skulane vektlegg, integrert i den kommunale leiar-opplæringa for skulen.	Fylkesopplæringsdirektøren, Statens utdanningskontor, kommunar.		X	X	X	X
11	Setja i gang kurs/ utdanningstilbod innan informasjons- teknologi (IT)	Fylkesopplæringsdirektøren, kommunar, NBF avd. Hordaland		X	X	X	X

12	Fast konferanse på fylkesnivå med tema som gjeld bibliotek-tilbod til barn og unge.	Statens utdanningskontor, fylkeskommunen	1998: kr.20 2000: kr.20	X	X		
13	Invitera brukar-gruppene til samarbeid om tiltak til utforming av biblioteket som møte-plass.	Kommunar, Statens bibliotektilsyn	1999: kr.20	X	X		
14	Gjennomføra kultur-formidlingstiltak i bibliotek i samarbeid med kulturarbeidarar/ kunstnarar og kultur- administrasjon.	Kommunane, vidaregåande skular, kunstnarorganisasjonane		X	X	X	X
15	Bruka biblioteket til utstillingar/ presentasjon av elev- arbeid frå skule og barnehage	Kommunane, vidaregåande skular, fylkeskommunen		X	X	X	X
16	Internett som "skrivestove"	Forfattarsenteret, kommunar, NBF avd. Hordaland, Norsk kulturråd.	1998: 100 1999: 100	X	X		
17	Prøva ut ei ordning med faste kulturtilbod på bokbuss i ein region.	Kommunar	1999: 50 2000: 50 2001: 50	X	X	X	
18	Kartleggja dei ulike brukargruppene sine behov for tilpassa bibliotektilbod gjennom spørjeundersøking.	Fylkeskommunen		X	X		
19	Setja i gang forsøk med å styrkja elevane sin medverknad i utvikling av skule- bibliotek	Statens Utdanningskontor, kommunane		X	X	X	X
20	Tilgjengeleggjera informasjon om opplæring og yrkesval i bibliotek	Kommunane, fylkeskommunen, arbeidsmarknadsetaten		X	X	X	X
21	Laga ein skulebibliotekversjon av handboka i kvalitetsarbeid.	Statens Utdanningskontor, arbeidsgruppe	1998: 125 1999:125	X	X		
22	Ved ajourføring av handbok i kvalitetsarbeid, skal det lagast prosedyrar for barne-bibliotekarbeidet.	Arbeidsgruppe, Biblioteksentralen	1998: 20	X			